



VEDTEKTER FOR I/S FJORDVEGEN Vedteke på Årsmøte 29.03.04

SANDNES KOMMUNE	
FJORDVEGEN	
Aufskrift	06/1181-8
08/16091	
30 JUN 2008	
Arkivnr. P	
Fikingsnr. S	026
Avdeltid	
Kassasjonsår	LOHAR
Fjorveg U. 08	

Kopi SELLAU
MOLNIL

§ 1 Formål

Interesseselskapet I/S Fjordvegen skal arbeida for å:

- byggje ut RV 13 å gjera vegen betre for brukarane, særleg med omsyn til standard og å gjera det lett og sikkert å koma fram.
- stø arbeidet for delprosjekt for lettare trafikkavikling på vegen og prosjekt som fører til at vegen kan verta meir brukt, både fastbuande og reisande.
- auka løyvingane til utbygging av vegen og stø arbeidet for å gjera RV 13 til stamveg over dei indre delane av Vestlandet.
- marknadsføra vegen både som turistveg og transportalternativ.

§ 2 Medlemskap

Alle som stør kan verte medlem. Medlemmane skal betala slik kontingent som årsmøtet fastset. Medlemskapen kan vere både direkte og indirekte. Med indirekte medlemskap meiner ein at einskildmedlemmar kan melde seg inn gjennom samarbeidsorganisasjonane dei er med i. Dette fører ikkje til reduksjon av kontingenten og derfor heller ikkje til reduksjon i røysteretten. Medlemmar som har indirekte medlemskap kan gje samarbeidsorganisasjonen sin fullmakt til å røyste for seg på årsmøtet.

Det er høve til assosiert medlemskap. Assosierte medlemmar betalar slik redusert kontingent som årsmøtet fastset. Det har forslags- og talerett på årsmøtet, men ikkje røysterett.

§ 3 Årsmøte

I/S Fjordvegen sitt øvste organ er årsmøtet. Det skal haldast årsmøte innan utgongen av juni kvart år. Årsmøtet skal kallast inn med minst 3 vekers varsel og skal:

- Handsama årsmelding og revidert rekneskap
- Velja 5 av 8 styremedlemmar med personleg varamedlemmer. Dei skal ha 2 års funksjonstid om gongen slik at høvesvis 2 og 3 er på val annakvart år
- Fylkestinget i Rogaland og Hordaland og Sogn og Fjordane oppnemner sjølve kvar sine styremedlemmer for 4 år om gongen. Dei tiltrer styret med det samme dei vert valde.
- Velja leiar og nesteleiar for eitt år om gongen
- Fastsetja kontingent og vedta budsjett og planar
- Gjera eventuelle vedteksendringar

§4 Styret

Styret er vedtaksført når 5 av styremedlemmene er tilstades. Ved like røystetal har leiaren dobbelrøyst.

Styret har møte så ofte som arbeidet krev det og skal:

- gjennomføra dei planar årsmøtet trekkjer opp.
- syte for at det vert organisert eit sekretariat som tar seg av dagleg arbeid dersom det er naudsynt.
- halda god kontakt med vegstyremakter og politisk miljø.
- gje uttaler på vegne av organisasjonen.
- planleggje og ta initiativ for å fremja målsetjingane for organisasjonen.
- styra organisasjonen sin økonomi etter vedtekne budsjett.
- syte for offentleg godkjent revisjon av rekneskapen.
- kalla inn til ekstraordinært årsmøte, eller kalla inn slikt dersom 1/3 av medlemmane har gjort skriftleg krav om det.

§5 Økonomi og utmelding

Kontingenten skal betalast forskotsvis og setjast inn på eigen konto i bank.

Denne vert disponert av styreleiar eller sekretær. Om eit medlem ønskjer å tre ut av organisasjonen, må det gjerast skriftleg innan utgangen av kontingentår pr. 31.12. Om fristen ikkje vert halden, er medlemen likevel pliktig å betala kontingent for det neste driftsåret.

Eit medlem som har varsla utmelding har ikkje røysterett på årsmøtet.

Selskapet kan ikkje ta opp lån eller pådra seg gjeld med mindre det er dekning for dette i selskapet.

§6 Vedtektsendringar og opphøyr

Berre årsmøtet kan endre vedtektene. Det vert kravd at 2/3 fleirtal av dei framømte røystene anten ved at medlemen sjølv er til stades eller har gjeve fullmakt til andre å røyste for seg. Berre eit lovleg innkalla årsmøte kan løyse opp organisasjonen med ¾ fleirtal. Møtet avgjer kva eventuelle unytta midlar skal brukast til.